

Vår referanse 2020/45345-28

Dato 15.04.2021

STAD KOMMUNE
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Kommunedelplan for sjøareala, Stad kommune. Offentleg ettersyn av utkast til plan. Administrativ fråsegn etter arbeidsmøte 25.03.2021

Vi viser til at utkast til arealdel ligg ute til offentleg ettersyn, jamfør brev dagsett 24.02.2021, og til arbeidsmøte 25.03.2021. Vi viser også til korrespondanse med sakshandsamar Hanne Marie Utvær om deltaking i arbeidsmøtet og utsett frist.

Møtet var organisert av Statsforvaltaren der mellom anna Vestland fylkeskommune var med. I møtet vart ulike problemstillingar diskutert, og med bakgrunn i dette vart vi einige om at frist for uttale vert utsett, og at fagetatane kjem med skriftleg notat på dei problemstillingane som vart drøfta.

Etter vårt reglement for folkevalde organ og delegering, er det slik at utkast til arealdel skal handsamast av fylkesutvalet. Etter avtale i arbeidsmøtet 25. mars gjer vi det slik at vi no kjem med ei administrativ fråsegn til utkastet slik det ligg ute. Kommunen vurderer innspela våre opp mot planen, og legg planen ut til vidare offentleg ettersyn. Då vil vi ta planen opp til politisk handsaming for uttale.

Ved gjennomgang av planen har avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, vurdert det til at det kan bli behov for å gå til motsegn på eit punkt, utviding av næringsområde på Moldestad. Dette vart nemnt i møtet. I denne førebelse fråsegna går vi ikkje formelt til motsegn, men varslar no at det kan vere aktuelt ved nytt offentleg ettersyn.

PLANFAGLEGE MERKNADER

Innleiing

Kommunen har lagt fram eit godt stykke arbeid, og det er lagt ned mykje ressursar i utarbeidinga. Det er ein ryddig konsekvensutgreiing (KU) og planomtale, der det er god samanheng mellom KU og plankart. Samstundes seier kommunen sjølv at dette er eit «råutkast». Det er tatt med fleire område som KUen ikkje anbefaler tatt inn i planen. Kommunen seier sjølv at dette er for å løfte problemstillingane og moglegheitene i desse områda, og at dei ikkje ser på dette som eit endeleg utkast.

Regional planstrategi og regionale planar

Utviklingsplanen for Vestland (regional planstrategi) vart vedteken i september i 2020, og skal leggjast til grunn for kommunalt planarbeid i regionen. Vi nemnde arbeidet med utviklingsplanen i vår fråsegn til oppstart. FN sitt berekraftsmål nr. 14 er lagt til grunn, og FN sine berekraftsmål er også lagt til grunn for utviklingsplanen. Måla i utviklingsplanen er:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Vi vil også vise til Strategisk plan for kysten. Den vart vedteken i 2018, og med eit mål om «Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande.» Her ligg det mål og kunnskap som kan vere nyttig å ha med seg i planarbeidet.

Dei regionale planane er ikkje nemnd i planomtalen. Det betyr ikkje nødvendigvis at dei ikkje er lagde til grunn, men vi har ei forventning om at dei aktivt vert brukt som grunnlag for korleis kommunane skal forvalte areala sin gjennom kommunale planar.

Samfunnsdel

Kommunen vedtok samfunnsdel i september 2020 og der FN sine berekraftsmål er sett som ei overordna ramme for den strategiske utviklinga av Stad kommune. Og på side 3 står det at «Berekraftsmåla endrar måten kommunen arbeider på, og gjev ein større agenda - Stad kommune deltek i verdas felles innsats for å sikre sosial rettferd og god helse og for å stanse tap av naturmangfald og klimaendringar».

Planomtalen nemner ikkje samfunnsdelen. Vi går likevel ut frå at samfunnsdelen og dei måla og strategiane som er lagt der, inkludert FN sine berekraftsmål, er lagt til grunn for arbeidet. Det kunne likevel vore sagt noko om korleis planen føl opp samfunnsdelen. Ein kommunedelplan går eit steg lenger mot realisering av konkrete planar og tiltak, og bør problematisere dei konfliktane ein då kan møte. Mellom behov for bruk av areal for tilrettelegging for næring og industri på eine sida, og natur og miljø, og den meir «mjuke» bruken av areal på den andre sida.

I arealstrategien står det at ein skal «Bevare 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, og sikre ålmenta si tilgjenge til strandsona. Det skal likevel kunne leggst til rette for kystbasert næringsutvikling, natur- og kulturbasert næringsutvikling og anna spreidd utbygging av bustader og fritidsbustadar innanfor samla tolegrense for utbygging i strandsona.» Vi stiller oss bak ei slik tilnærming, men vi vil understreke at strategiane i samfunnsdelen må få reelle verknader for korleis ein nyttar kommunen sine areal. Vi meiner planen ikkje alltid speglar denne strategien, og meiner den i større grad reelt må følgje opp samfunnsdelen i konkret arealbruk.

Arealrekneskap

I ein arealrekneskap har ein oversikt over behovet for ulike typar areal, slik at ein har oversikt over kor mykje areal det er naudsynt å leggje ut. Eit viktig prinsipp i planlegginga er at den ikkje skal vere meir omfattande enn det som er naudsynt, altså at arealbruken er tilpassa behovet. Etter vår meining bør ein i ein slik arealrekneskap óg sjå om ulike ønskjer kan samlokaliseras. For eksempel om ulike sjønære bedrifter med behov for kai kan samlokaliseras. Vi ser på det som viktig i denne planen, då den saman med eksisterande plan, legg opp til fleire store utfyllingar i marine gruntområde. Gode føringar for effektiv bruk av tilrettelagde areal bør og vere med her. Med det meiner vi at dei areala som er og vert lagt til rette for utbygging, vert utnytta på ein god måte med tanke på arealbruk og intern logistikk.

Så er der også ei utfordring i at dette er ein eigen plan for sjøområda, og som kjem i tillegg til gjeldande arealdelar for land for Eid og Selje. Her ligg det område i overgangen mellom sjø og land, som skal vidareførast og ikkje er kopla på denne revisjonen. Til dømes området Stokkeneset i Vanylvsfjorden. Her ligg det i gjeldande plan eit stort utfyllingsområde til kombinert bebyggelse og anlegg. Både den nye arealbruken og det gruntområdet som går tapt, bør vere med i eit arealrekneskap som ser planlagt arealbruk i heile kommunen i samheng med behovet for denne typen areal.

AKVAKULTUR

Konsekvensvurderinga

I konsekvensvurderinga står det at Mattilsynet anbefalar ein minsteavstand på 5 km mellom oppdrettslokalteter for laks i sjø. Dette er ikkje heilt rett. Mattilsynet anbefalar fem kilometer som minsteavstand mellom ulike koordinerte brakkleggingsgrupper, men avstanden mellom matfisk-

anlegg innanfor ei brakkleggingsgruppe kan være betydeleg mindre enn 5 km, og kan vere kortare enn 2,5 km.

Havnivåstigning og stormflo er ikkje reelle risikofaktorar for oppdrett. Det kan finnast teknologiske løysingar på dårleg vêr, bølger og ankringsforhold. Vi føreset at desse faktorane ikkje har vore avgjerande for å ikkje planlegge areal for akvakultur, og for val av art i dei planlagde områda.

Planomtale / føresegner

Det er i planutkastet lagt ut mange nye område, særleg i Sildagapet kring Barmen, men og innover i Nordfjorden. Mange av desse er ikkje anbefalt i KU. Bakgrunnen for det er konsekvensane for naturmangfald, marine ressursar, nasjonal laksefjord, vassmiljø og kulturminne. For svært mange av dei som får nei i KU er også vasskontakt lagt til grunn. Med omgrepet vasskontakt meinast korleis straumtilhøve i fjorden og mellom ulike anlegg fører til utveksling / overføring av lakselus, virus og andre negative påverknader.


Fylkeskommunen vil understreke at planlegging av areal for akvakultur ikkje nødvendigvis vil føre til auka biomasse av laksefisk i eit område. Utfordringar med lakselus og sjukdom vert forsøkt løyst gjennom pålegg og oppfølging i driftsfasen på det enkelte anlegg. Om det kan verifiserast at enkelte lokalitetar er utfordrande for å løyse desse problema, er det viktig at det i kommuneplanen er avsett tilstrekkeleg areal som gjer det mogeleg å betre strukturen i næringa.

Kva art som kan oppdrettast på dei enkelte einbruk A-områda er ikkje fastsett i føresegnene. Heller ikkje for dei områda der det er sett som ein føresetnad for at KUen kjem ut positivt. Vi forstår at dette aukar fleksibiliteten i planen og gir næringa meir handlingsrom.


Vi meiner likevel at dette gjer at planen i for liten grad er avklarande for arealbruken i kommunen. Arealplanen er det eine verktøyet til kommunen der ein kan sjå arealbruken i heile kommunen under eitt, inkludert fjordområda som økologiske funksjonsområde og samtidig med at ein har ein brei medverknad.

Utviding av eksisterande anlegg

Under viser vi to eksisterande akvakulturområde som må utvidast for at eksisterande anlegg på lokaliteten vert innanfor formålsgrensene:



Hundvika Aust, Hundvikfjorden



Beitveit, Vanylvsfjorden

Kunnskapsgrunnlag og anleggsstruktur

Nordfjord ligg i produksjonsområde 4 - Nordhordland til Stad. «Område med redusert produksjonskapasitet pga. uakseptabel påverknad av lakselus på villaksen. Mattilsynet har i møte 28.05.20, poengtert at fiskehelsesituasjonen i Nordfjord er slik at den ikkje gjev grunnlag for å tildele meir lokalitetsbiomasse med tradisjonell merdteknologi.»

Vi vil vise til det arbeidet som Fiskeridirektoratet vest har sett i gang med å sjå på moglegheit for endring av struktur på oppdrettsanlegga i Nordfjorden. Arbeidet er i samarbeid med aktuelle fagetatar og næringa sjølv, og skal sjå på om situasjonen med lakselus og andre sjukdomar kan betrast gjennom ein ny lokalitetsstruktur. Havforskningsinstituttet er engasjert for å analysere kva verknader ulike moglege anleggsstrukturar kan ha på luse- og sjukdomssituasjonen. Vi vil oppmode til tett dialog med Fiskeridirektoratet om dette arbeidet, og vurdere på kva måte dette arbeidet kan bli lagt til grunn i planarbeidet.

Oppsummert akvakultur

Vi ser positivt på at kommunen har innarbeidd nye område for akvakultur i sin arealplan. Tilstreккеleg store og nok akvakulturområde i kommuneplanane er avgjerande for ei berekraftig utvikling av næringa. Det er viktig at næringa får mogelegheit til å utvikle produksjonsformer som gir betre fiskehelse og kan løyse andre utfordringar. Det kan vere trong for omstrukturering, samlokalisering, endring av anlegg eller bruk av ny teknologi. Vi meiner det er uheldig å bryte vesentleg med vurderingane og anbefalingane i konsekvensutgreiinga, og før vi tek stilling til dei føreslåtte areala vil vi be kommunen om å gjere ei vurdering av om det skal knytast føresegner i form av art til dei ulike akvakulturområda, slik konsekvensutgreiinga har gjort.

Vi vil og oppmode kommunen om å sjå på KU-vurderinga på nytt, jf. merknadane over om konsekvensvurderinga.

MASSEDEPONI OG TILHØVET TIL NATURMANGFALD

På sørsida av Stadlandet er det tenkt utfylt fleire grunne område i Moldefjorden og vestover mot Flatraket og Nordpollen. Dette er klart problematisk i høve strandvernet og biologisk mangfald. Grunne område er ein naturtype som er sårbar for menneskeleg påverknad. Om eit slik område vert fylt ut med stein er det tapt for alltid. Desse områda er attraktive for dyr og planter, og også for folk og samfunn. Der det her på Vestlandet er flatt nok på land til at folk har slått seg ned, er det som regel også flatt eit stykke utover i sjøen og slik at det har danna seg rike fjøreområde som heilt eller delvis vert tørrlagt på fjøre sjø.

På slike stader har tettstader og bygdesenter naturleg utvikla seg, og her ligg det næringsbygg og arbeidsplassar. Her har det også vore lett og rimeleg å fylle ut med massar frå lokale steinbrot eller overskotsmassar frå tunnelarbeid. Det har ført til at slik marine gruntområde er ein naturtype under sterkt press. Denne typen areal har vorte sjeldnare, og har mist mykje av sine verdiar. Og der tettstader og næring alt er etablert, er det meir naturleg å utvide aktiviteten når det er behov for det, enn å flytte aktiviteten. Og når det opnar seg ei moglegheit for å få tak i fyllmassar, kjem ønsket om ytterlegare utfylling.

Vi vil særskilt peike på utvidingane av dei eksisterande næringsområda på Moldestad (Pelagia) og Flatraket (Fiskevegn AS og Kvernevik), og tankane om utfylling i område som er lite påverka, som på Berstad, og i Lestovika. I dette bildet ligg og planane om utfylling og etablering av næring i Hamreosen og vestover mot Reidet og også i Klokkarvika. Utfylling på alle desse areala og i den storleik som er lagt ut, vil ha store negative konsekvensar, og fylkeskommunen ser på dette som problematisk.

Vi vil og minne om det effektmålet kommunen sette opp i utkast til planprogram «Meir næringsaktivitet i sjøområda våre, som ikkje kjem i konflikt med viktige naturområder, kulturminner, verneområde eller bruken av sjøområda som rekreasjon for fastbuande og besøkande.»

At desse gruntområda ikkje er freda etter naturmangfaldlova eller har fått ein verdi gjennom naturtypekartlegging, meiner vi ikkje bør tilleggast vesentleg vekt i planarbeidet. Strandsona har eit nasjonalt vern gjennom plan- og bygningslova § 1-8 fordi ho er av nasjonal verdi, og gruntområda i overgangen mellom sjø og land er av dei naturtypane som er mest sårbare for utnytting.

Store delar av utsprenging av tunnelen vil verte gjennomført i form av sprenging i pallar. Dette gir ein større storleik på sprengsteinen enn ved tradisjonell tunnelsprenging. Kommunen bør i det vidare planarbeidet vurdere kva dette kan opna av moglegheiter for bruk av massane. Det kan bety at det er mogleg å heller bygge opp nytt land og næringsareal på djupare område nær land, og med mindre biologisk verdi. Større steinblokker kan vere betre eigna til å bygge opp fundament for ny landvinning.

KLIMAGASSUTSLEPP

I kapittel 3.6 i planomtalen står det om berekraftig utvikling og klimautfordring, inkludert også klimagassutslepp og ny teknologi. Spesielt under det om ny teknologi står det mykje som vil kunne

finne delar av si løysing i denne planen. Eksempelvis vil tilrettelegging for å redusere klimagassutsleppa frå båtar og skip som kjem til hamn i kommunen vere ein måte å gjere dette på. Vi vil oppmode kommunen til å vurdere å ta inn føresegnar som sikrar gode og framtidige løysingar for dette. Her vil land- og ladestraum og tilstrekkeleg høve til bunkring av miljøvenleg drivstoff som hydrogen, ammoniakk og biogass vere aktuelt.

VASSMILJØ

Vassforskrifta §4 tillét ikkje ny arealbruk som gjer tilstanden av vassførekomst (overflatevatn) dårlegare, og kravet er minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Dette er eit minstekrav som gjeld alle vassførekomst. Fleire av vassførekomstane i kommunen har redusert kjemisk og økologisk tilstand*.

Vassførekomst	Tilstand økologisk	Tilstand kjemisk
Vanylvsfjorden	Moderat	Dårleg
Kjødepollen	Moderat	Dårleg
Moldefjorden	Dårleg	Dårleg
Eidfjorden	Moderat	Dårleg

*Også Sildagapet var ført opp med dårleg kjemisk tilstand, men med kommentar om at dette var frå ei enkeltmåling som ikkje er antatt å vere representativ.

Det kan, under visse vilkår, gjerast unntak i tråd med §12 i vassforskrifta for «ny aktivitet eller nye inngrep». Før ein legg ut nye akvakulturområde i desse områda, må kommunen vere trygge på at det vil vere mogleg å oppfylle krava i §§ 4 og 12 for heile vassførekomsten.

Arbeidet med å nå miljømåla bør forankrast i arealdelen. Vassmiljø og den negative verknaden akvakultur kan få er nemnt i planomtalen, men det er ikkje nedfelt nokon føringar på dette i føresegnene. Ein god måte å forankre arbeidet i arealdelen er ved å definere anten generelle føresegnar og retningslinjer og/eller omsynssoner med tilhøyrande føresegnar og retningslinjer i område der bygging eller anna ny aktivitet kan påverke tilstanden i elv, bekk, innsjø eller kystvatn.

SAMFERDSEL

Fylkeskommunen er opptatt av at det vert lagt til rette for trygge og gode løysingar for mjuke trafikantar og køyretøy langs fylkesvegane. Ved etablering eller utviding av tiltak/anlegg langs sjøen er det viktig å sikre tilrettelegging for mjuke trafikantar, trygge tilkomst med gode siktilhøve, gode løysingar og tilstrekkeleg areal for parkering, snuareal og kollektivtransport, og stoppestadar og parkering for turbussar.

Nokre av dei føreslegne områda ligg ved fylkesvegar. Dersom desse vert vedtekne er det viktig at tilkomsten frå fylkesvegen vert sikra, dette gjeld ved områda Lesto, Berstad, Moldestad, Salt og Torneset. Om Fjøsvisa - Gjølsvika, Hamneset / Torheimsneset, Tormanngelet og Utfjorden skal ha tilkomst frå land, må tilfredsstillande tilkomst frå fylkesvegen sikrast. Ved Stokkeneset vil auka aktivitet krevje betre avkøyrslar og tilkomst frå fv. 620. Ved Kjøde må ikkje aktiviteten gå ut over fylkesvegen som går gjennom området, det bør vere dialog med fylkeskommunen i samband med utarbeiding av detaljreguleringsplan for område.

Ved Rundereimsstranda / Barmsundet er det forslag om utfylling i sjøen for å utbetre fv. 618. Det er stilt krav om detaljreguleringsplan før gjennomføring av tiltaket. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen må det vere tett dialog med fylkeskommunen for å avklare krava til utfylling og utbetring av vegen.

Vi gjer merksam på at rv. 15 går på nordsida av Nordfjorden, og at dette ikkje er ein fylkesveg. Det er heller ingen fylkesveg til Indre Fure, denne vegen er kommunal.

Vidare følgjer det at byggegrense langs fylkesveg er 50 m, jf. veglova § 29 og ny Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar for byggegrense 2021 - 2024 for Vestland fylkeskommune. Punkt 1.6.1 i føresegnene bør difor endrast i samsvar med dette.

FRILUFTSLIV

Det er vanskeleg å vurdere konkret kva som vil bli konsekvensane for friluftsliv og rekreasjon dersom det vert etablert fleire akvakulturanlegg, men dess meir den samla belastninga på fjordane og kysten aukar, jo meir sannsynleg er det at dette og vil føre til negative konsekvensar for natur- og friluftsopplevingar på og ved sjøen. Dei negative konsekvensane kan vere forringa landskapskvalitetar, minska tilgjengeleg sjøareal for ferdsel og opphald og eit forringa økosystem i fjordane. Støy og luktplager kan og vere konsekvensar som vil gjere det mindre attraktivt å bruke nærområda rundt akvakulturanlegg.

I konsekvensutgreiinga er mange av dei føreslegne områda i planen ikkje tilrådd. Nasjonale landskapsverdiar og friluftsliv er blant konfliktpunkta som gjer at områda ikkje tilråddast. Likevel vert (mange av) desse områda vist som aktuelle nye område i planforslaget. Sett i lys av at effektmålet for planarbeidet seier at meir næringsaktivitet i sjøområda ikkje skal kome i konflikt med naturområde, kulturminne, verneområde eller bruken av sjøområda til rekreasjon, bør ikkje dei områda som er vurdert å ha dei største konsekvensane for m.a. natur og rekreasjon, inkluderast i planforslaget.

For friluftslivet er det rimeleg å anta at det er akvakulturområda som ligg i nærleik til viktige friluftsområde og mykje nytta sjøområde, som vil kunne føre til dei største negative konsekvensane. T.d. er Barmøya sør for Selje vurdert som eit viktig friluftslivsområde i Stad kommune sin kartlegging av friluftsområde. Øya har mange kulturminne og mykje tilgjengeleg strandsone. Rundt øya er det vist tre nye område for akvakultur, noko som kan påverke landskapsopplevinga og moglegheitene til å ferdest fritt rundt øya med t.d. kajakk. Tilsvarande er det foreslått nye område for akvakultur i og ved viktige friluftsområde i Nordfjorden (t.d. sjøområde ved Bryggja, Krokepollen og det statleg sikra friluftsområdet Søholmen).

Ei auke i talet på akvakulturanlegg, hamneområde og utfyllingar i sjø set sjøareala og strandsona under press, både når det gjeld økologiske tilhøve, landskapsverdiar, friluftsliv og rekreasjon. Det er difor viktig at ein ser på den samla belastninga av alle dei føreslegne tiltaka og ikkje berre på konsekvensane av kvart enkelt tiltak.

KULTURARV

Omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Kommunane har eit hovudansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Det er forventningar om at kommunane og fylkeskommunane tek omsyn til m.a. kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023.

Vi ser det som positivt at planarbeidet har lagt til grunn og hatt som effektmål: meir næringsaktivitet i sjøområda som ikkje kjem i konflikt med kulturminne, med meir. Og at eitt av resultatmåla har vore eit plangrunnlag for bruken av sjøareala i Stad som tek omsyn til mellom anna kulturminne og legg til rette for opplevingsbasert reiseliv i sjøområda og rekreasjon for fastbuande og besøkande. Å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap er framtidsretta for eit opplevingsbasert reiseliv, men også i samband med anna næringsverksemd i dag.

Automatisk freda kulturminne

BN 23

I KDP er det vist utviding av næringsverksemda BN 23 mot aust og mot vest. Ei utviding mot aust vil føre til utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne. Det er brot på lov om kulturminne § 3. Det må takast vare på den avgrensa bukta mellom dagens industriområde og neset med automatisk freda kulturminne. Bukta fungerer som ei naturleg buffersone. Fylkeskommunen har ikkje merknad mot utviding vestover frå eksisterande næringsanlegg.

Vi kan ikkje sjå at KU gjev tilstrekkeleg opplysningar og vurdering når det gjeld kulturminne og kulturmiljø for dette tiltaket. Det er ikkje opplyst om dei automatisk freda kulturminna som er lokalisert aust for industriverksemda. Det gjeld gravrøysene Askeladden ID 45515, 25581, 35488 (tre gravrøyser) og 35489. Dei er automatisk freda gravminne, jf. lov om kulturminne § 4 og er frå jernalderen.

Gravrøysene blir utilbørleg skjemma ved ei utviding av verksemda austover. Forbod mot utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne er heimla i kml § 3. Utilbørleg skjemming er tiltak som i vesentleg grad endrar omgjevnadane til automatisk freda kulturminne og slik svekker opplevinga og forståinga av dei. Forbodet gjev kulturminneforvaltinga heimel til å påverke utforminga av ein arealplan for å ta vare på kulturminne i landskapet. Sjå også <https://www.riksantikvaren.no/veileder/veileder-utilborlig-skjemming/>

Den vesle bukta må takast vare på for det må vere ei naturleg buffersone mellom industriverksemda og neset med gravrøysene. Fylkeskommunen har vore tydeleg og klar i tidlegare sakshandsaming av planar om utviding av denne verksemda.

Vestland fylkeskommune vil sterkt rå frå utviding av området BN 23 mot aust dersom det ikkje blir teke ut av planen til 2.gongs høyring. Det kan verte aktuelt med motsegn mot tiltaket dersom dette ikkje vert gjort.

Dragsfalla og andre oppdrettsanlegg

Selje kloster og helgenstad på Selja utgjer eit automatisk freda kulturminneområde av høg nasjonal verdi. Landskapet som det ligg i, er viktig for opplevinga av anlegget, og det same gjeld det storslegne og særprega utsynet utover havet og mot Stadlandet. Vi er negative til forslaget om oppdrettsanlegg på Dragsfalla. Det vil ha stor negativ visuell effekt når det gjeld utsyn frå klosterområdet og Selja. Vi meiner at anlegget må takast ut av planen. Vi viser også til uttalen frå Bjørgvin biskop til kommunen.

Vi er sterkt kritiske til framlegg om tre oppdrettsanlegg rundt Barmen og eit ved Salt. Dette er område med automatisk freda kulturminne på land. Vi meiner at belastinga på landskap med kulturminne blir for omfattande i dette området og anlegg må takast ut av planen.

Kulturminne under dagens havnivå og i strandsona

Grunna geologiske forhold så ligg tidlegare tørt land under dagens havoverflate i kystområda i vest. Det gjeld spesielt for tida rett etter siste istid, og det medfører at buplassar frå den eldste delen av steinalderen, dvs. frå pionerfasa, i dag ligg under vassoverflata. Slike buplassar har stort potensiale kunnskapspotensiale, sidan reiskapar og utstyr i organisk materiale ofte er bevart, noko som oftast er heilt fråverande på buplassar som alltid har lege på tørt land. Relativt grunne, strandnære område har langt større potensiale for slike funn enn brådjupe område. Kystområda i Selje har stort potensiale for buplassar frå pionertida.

Masseutfylling og andre permanente tiltak i sjø vil såleis kunne ha store negative konsekvensar for automatisk freda kulturminne. Det er behov for nærare undersøkingar av slike sjøområde i samband med utarbeiding av planar og tiltak.

Vi må be kommunen vurdere om det er behov for alle føreslegne utbyggingsareal i Moldefjorden, spesielt på nordsida av fjorden. Her er registrert automatisk freda kulturminne som er utsette for skjemming, og i tillegg er utbyggingane negative i forhold til kultur- og naturlandskapet. Forslaget om massiv utfylling og utbygging på Flatraket er uheldig i forhold til landskapet.

Det er mange stader mykje sannsynleg at eldre naustområde har langt lengre brukstid enn det alderen på dagens naust tilseier. Det er registrert svært få naustområde frå førhistorisk tid og mellomalder på denne delen av vestlandskysten samanlikna med område lenger sørvest på Vestlandet.

Det er viktig at dagens naustområde blir undersøkt for gamle nausttuffer, men også at anna areal blir sjekka. Vi ser positivt på pkt. 1.5.3. i føresegnene om at nye byggeområde skal klarerast av fylkeskulturavdelinga før byggeløyve kan bli gjeve, med omsyn til moglege automatisk freda kulturminne og nyare kulturminne.

Kulturminne frå nyare tid

Med ei kulturhistorie som er sterkt knytt til hav og fjord, er aktiviteten i strandsona særskilt viktig for busetnaden i dette området. Då havet og fjorden står sentralt som ei viktig næringskjelde og farlei, må strandsona, landområda og sjøområde vurderast i heilskap. Med omsyn til både materielle og immaterielle kulturminne må det synleggjerast korleis ulike tiltak grip inn i viktige kulturmiljø med lange tradisjonar.

Planomtale

I planomtalen er det i omtalen av landskapet og kulturmiljø vist til at det kulturhistoriske landskapet er av nasjonal interesse. Det viktige kulturlandskap KULA (kulturlandskap av nasjonal verdi) er nemnd i denne samanheng.

I området er det også registrert UKL - viktige kulturlandskap i landbruket. Området Stadtlandet omfattar Hoddevik, Indre og Ytre Fure, Drage, Årdal, Skårbø og Liset, og er skildra som eit heilskapleg landskap mellom hav og fjell.

Av Sogn og Fjordane sine 50 utvalde kulturlandskapsområde er det ti som får særskild merksemd på nasjonalt nivå. Av desse er områda Hoddevik og Fure i Stad framheva som representantar for Kystkulturlandskapet.

Det er i planen lagt ut 16 området med tiltak, der vi har sett på konfliktpotensiale for kulturmiljø frå nyare tid.

I område der det er lagt ut til næringsformål, inkludert hamneområde, vil vi framheve kulturmiljøet ved Staveneset. Der det langs stranda ligg naust som er bygd før 1900, med strukturar i strandområde med båtstøer og vorrer som vil tilsei lange sjøbrukstradisjonar. Vi ber om at vert teke omsyn til dette miljøet i samband med den landskapsendringa eit nytt hamneområde vi skape.

Jensneset, ligg ved tettstaden Selje, er ein del av eit kulturlandskap der sjøbruk tradisjonelt har vore sentralt. Stadnamn og registrerte bygg frå før 1900 fortel om det.

I Moldefjorden er det område som vil kome i konflikt med kulturmiljø. På Moldeneset er det eit eldre naustmiljø med ståande bygningar og strukturar som båtoppdrag og vorrer, og vi meiner at dette bygningsmiljøet bør ivaretakast på ein gode måte.

Det utvida arealet på Berstad vil også omfatte naust og spor etter aktiv sjøbruk langs stranda, som utgjer eit heilskapleg kulturmiljø, der samspelet mellom hav og land var sentralt for å gjere liv laga i dette området. Sjølv om dette er like aktuelt i dag vil omsynet til kulturhistoria også vere ein verdi.

Det same gjeld også for fiskerihamn på Lestoneset. Vi vil her også be om at det vert teke omsyn til kulturmiljøet.

På Flatraket vil tiltak i hamnearealet kome i konflikt med eit eldre naustmiljø, med fleire naust frå før 1900, som ligg tett i ei vik, med mange synlege strukturar i strandsona etter båtoppbygg landingsvorrar og kaier. Dette miljøet ligg i den mest sentrale delen av Flatraket og er viktig for stadidentiteten.

Ved Kalveneset er det også eit heilskapleg kulturmiljø som vil krevje god tilpassing, om ikkje det aktuelle tiltaket vil påverke området negativt. Her ligg det viktige kulturminne og kulturlandskap som utgjer eit samanhengande kulturmiljø.

Det er vist til ulike styringsreiskap som er brukt ved utarbeiding av planen. I tillegg til dei planar som er nemnt er stortingsmeldinga om kulturminne og kulturmiljø eit viktig grunnlag. Der vert det lagt vekt på at kulturmiljø er eit felles gode og ein viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Før Stad kommune var etablert, hadde både Selje og Eid sine egne kulturminneplanar som også vil vere med å danne eit grunnlag når vurdering av kulturmiljø skal inngå i eit plandokument.

Konsekvensutgreiing

Kommunen har stort sett gjort ei grundig konsekvensutgreiing der temaet kulturminne og kulturmiljø inngår i vurdering av områda som er foreslått for nyetablering eller utviding av eksisterande anlegg.

Føresegner

I føresegnene er det lagt opp til at det ikkje er krav om reguleringsplan i samband med etablering av mindre moloar og for småbåtanlegg med inntil til båtplassar. Vi meiner at dette må vere søknadspliktige tiltak som m.a. fylkeskommunen får på høyring. Det er viktig å unngå tap av viktig kulturmiljø i desse områda.

Uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum

Vi viser til uttalen frå museet. Den blei sendt til kommunen og ligg også ved her. Vi ber kommunen merke seg områda som blir nemnt i uttalen.

OPPSUMMERING

Kommunen har lagt fram eit godt stykke arbeid, og det er lagt ned mykje ressursar i utarbeidinga. Slik det kom fram i arbeidsmøtet har vi likevel ein del merknader til utkast til plan.

Planen bør i større grad følgje måla og strategiane i overordna planar og føringar, inkludert Utviklingsplan for Vestland og eigen samfunnsdel. Desse planarbeida bør få konkrete konsekvensar for arealbruken i kommunen og balansen mellom bruk og vern. Ein viktig del av planarbeidet må også vere å balansere areala som vert lagt ut i plan opp mot det reelle behovet.

Vi støttar opp om tanken om å utnytta massane frå Stad skipstunnel på ein samfunnsnyttig måte. Men utfyllingane det er lagt opp til, inkludert dei som er lagt ut i gjeldande plan for Selje, vert for mange og for store, og har for stor negativ verknad på sårbare naturtypar og biologisk mangfald. Det næringsmessige behovet for desse utfyllingane er heller ikkje synleggjort godt nok.

I høve kulturarv vil vi sterkt rå frå utviding av området BN 23 mot aust, og det kan bli aktuelt å seinare gå til motsegn på dette punktet. Fylkeskommunen har vore tydeleg og klar i tidlegare sakshandsaming av planar om utviding av denne verksemda på at denne utvidinga kjem i konflikt med viktige kulturminne.

Tilstrekkeleg og store nok akvakulturområde i kommuneplanane er viktig for ei berekraftig utvikling av næringa. Det er viktig at næringa får mogelegheit til å utvikle produksjonsformer som gir betre fiskehelse og kan løyse andre utfordringar. Det kan vere trong for omstrukturering, samlokalisering, endring av anlegg eller bruk av ny teknologi. Vi meiner likevel det er uheldig å bryte vesentleg med vurderingane og anbefalingane i konsekvensutgreiinga, og at det er lagt ut for mange areal til oppdrett. Kommunen må prioritere mellom og ta ut område for akvakultur før vi kan ta endeleg stilling til dei føreslåtte areala.

Det er naudsynt med eit godt kunnskapsgrunnlag for å planlegge for framtidig verksemd i sjøområda. Nordfjord er for tida ikkje i ein økologisk tilstand som opnar for meir produksjon av laksefisk, noko som gjer krav til kunnskapsgrunnlag enda meir viktig. Arbeidet som Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet er i gang med for å sjå på mogleg endring av struktur på oppdrettsanlegga i Nordfjorden, vil være eit viktig bidrag til kunnskapsgrunnlaget.

Vi vil oppmode til å ta kontakt med oss for vidare dialog om planen og innhaldet i dette brevet. Ved hjelp av Teams og videokonferanse er det mogleg å arrangere arbeidsmøte med ein eller fleire sakshandsamarar på kort varsel. Vi vil og oppmode til å ta kontakt med oss for å avtale møte i regionalt planforum. Det mest føremålstenlege vil vere å kome i møte når de nærmar dykk eit

revidert utkast til plan, og slik at de kan innarbeide dei merknadane de får før de legg planen ut til vidare offentleg ettersyn.

Med helsing

Synnøve Stalheim
seksjonsleiar

Eva Katrine R. Taule
fagleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Kulturarv - Berit Gjerland, Berit Høyvik, David Aasen Sandved, Per Morten Ekerhovd

Akvakultur - Elisabeth Aune

Friluftsliv - Anders Søyland

Samferdsle - Gunnhild Sande

Kopi til:

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Vestland

Kystverket vest

Fiskeridirektoratet region vest